



Arkivnr: 2016/7780-3

Saksbehandlar: Ronny Skaar

Saksframlegg

Saksgang

Utvil	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		13.06.2017
Fylkestinget		13.06.2017

Carte Blanche AS. Oppnemning av eitt styremedlem

Samandrag

Fylkesutvalet oppnemnde i møte 23. mai 2017 framlegg til styreleiar og to styremedlem for Carte Blanche. Framlegga vart handsama av generalforsamlinga for Carte Blanche 26. mai 2017.

Det synte seg at ei av oppnemningane frå Hordaland fylkeskommune kunne medføra habilitetsproblematikk for Bergen kommune, noko representanten sjølv gjorde merksam på i e-post.

Fylkesrådmannen vurderte problemstillinga og fann at det nære familiemessige tilknytingsforholdet til Byråden for kultur i vil utfordre habiliteten i Bergen kommune sjølv om dette i og for seg er fylkeskommunen uvedkomande. Fylkesrådmannen si vurdering var difor at ein burde be om at valet av eit styremedlem vart utsett og at ein kom attende til avklaring i ei evt. ekstraordinær generalforsamling.

I sak 7 Val av styreleiar og 1 styrerepresentant gjorde generalforsamlinga såleis følgjande vedtak:

Laila Dåvøy ble valgt til styreleder.

Anne-Grete Strøm-Erichsen ble valgt til styrerepresentant.

Ettersom Dåvøy allerede er styremedlem i selskapet, skal det på et senere tidspunkt velges ytterligare en styrerepresentant. Valget gjøres på ekstraordinær generalforsamling som kalles inn umiddelbart etter at innstilling er fremmet av Hordaland fylkeskommune.

Eierne takket avtroppende styreleder Hallvard Bakke for 17 års innsats som styreleder i selskapet.

Hordaland fylkeskommune må såleis fremja forslag om eitt styremedlem.

Dette ansvaret vart overført til fylkeskommunen i samband med regionreforma i 2010.

Statlege føringar for val av styrerepresentantar

I St. meld. nr. 12 (2006-2007) «Regionale fortrinn – regional framtid», vart det føreslege at regionane frå 2010 skal ha eit større ansvar for å oppnemna styreleiar og styrerepresentantar til region-/landsdelsinstitusjonar og knutepunkt frå 2010. Stortingets drøfting av St.meld. nr. 12 (2006-2007) ga støtte til framlegg om å gje regionane større innverknad på dei lokale og regionale kulturinstitusjonane gjennom auka styrerepresentasjon og oppnemning av styreleiar, jf. Innst. S. nr. 166 (2006-2007).

Dette er nærmere omtalt i St. meld nr. 10 (2007-2008) Knutepunkt:

Hovedregelen skal være at det nye regionale forvaltningsnivået skal ha ansvar for å oppnevne styreleder og eventuelt noen eller alle styremedlemmene, men at regjeringen i særskilte tilfeller kan fravike denne regelen. I hvert enkelt tilfelle må en gjennomgå og ta stilling til endelig fordeling.

Ein føresetnad for overføring av ansvaret for oppnemning av styrerepresentantar og styreleiar var at fylkeskommunen og selskapet skulle involverast i samband med val av styrerepresentantar. Departementet understreka viktigheita av at det oppnemnast kompetente styre, slik at styret som kollegium har brei kompetanse, både når det gjeld verksemda sine faglege oppgåver og dei økonomiske og administrative oppgåvene.

Kulturdepartementet streka under at det framleis «*må legges stor vekt på å oppnevne kompetente styrer som kan følge opp at forutsetningene for statstilskuddet til institusjonene blir oppfylt*». Vidare må det takast omsyn til kjønnsbalanse og habilitet. Mellom anna har staten lagt til grunn at sittande stortingsrepresentantar ikkje bør ha styreverv i statleg eigde institusjonar.

Forslag til innstilling

Fylkestinget gjer slikt framlegg om styremedlem til Carte Blanche:

.....

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.